

Min far gjekk ut av bilen for i fylle bensin, eg klatra over setet og satte meg bak rattet. Det var ein veteranbil med brune seter i skai. Eg rulla ned vindauget og kjente den glatte lukta av bensin og varm asfalt. Min far gjekk inn i kiosken for å betale, han hadde pastellgul t-skjorte. Det var 80-tallet. Menn hadde feminine silhuettar. Eg observerte han bevege seg rundt i det kalde lokalet. Mannen bak kassa hadde pilotbriller. Dei utveksla eit par ord, leppene bevegde seg. Å høyre to menn prate kunne fylle meg med andakt. Forstod at eg måtte være stille, for det dei sa var viktig.

Dei nattope bensinstasjonane er eit slags mottak. Bak kassa står eit varmt menneske. Under disken fins ein stor raud knapp dei kan trykke på om dei er redde. Tenk å ha ein slik knapp. Dei har smertestillande, tamponggar og sigarettar. Nødvarer. Dei har toalett med blått lys. Doskåler til å kaste opp i. Kanskje ein benk å sitte på.

Eg forlot kjærasten min om natta. Reiste meg frå senga, kledde på meg og forsvann. Lukka ytterdøra stille, i håp om at han ikkje skulle legge merke til at eg var borte. Eg gjekk langs ein åker i den mørkeblå natta. Innimellom hørte eg bilar i det fjerne, då dukka eg ned i sivet. Det var tidleg vår og bakken var fuktig. Hadde ikkje planlagt å være ute den natta, hadde kun dongerijakke. Det var kaldt og fuglane var i ferd med å våkne. På andre sida av jordet låg bensinstasjonen. Det lyste frå masta med skjellet. Eg kryssa jordet. Då eg kom nærare såg eg at kiosken var open. Mora til ei gammal klassevenninne stod bak disken i ein raud fleeccevest. Ho hadde langt blondt hår. Som Pamela Anderson uten pengar. Eg surra lenge mellom reolane. Bladde litt i eit magasin. Kvar gong ein bil lyste opp parkeringsplassen kikka eg opp for å sjekke om det var kjærasten min, som eg no tenkte på som ein eks. Klokka var fire om natta. Mora til venninna mi ekspederte ein trailersjåfør som kom inn for å kjøpe energidrikkar og club sandwich. Han hadde tung, grå joggebukse. Visste at eg kunne spørre om haik, hadde gjort det fleire gongar. Visste at han hadde madrass bak setet, der det låg krøllete hamburgerpapir og tomflasker. At man kunne ligge der. Då han hadde forlatt stasjonen gjekk eg bort til disken og ba om ostegrill med brus. Eg fekk det servert og satte meg på ein barstol innerst i lokalet. Såg fugleflokkar lette og lande i lysninga. Mora til klassevenninna mi sa ingenting, men lot meg sitte der til natta var over.

Om nettene var parkeringsplassen bak stasjonen tom. Der kunne man samle seg for å drikke eller henge. Avogtil drakk eg, avogtil berre stod eg. Eller satt på fortauskanten med digre joggesko. Såg folk gå inn og ut av buskar for å hente meir drikke eller kline. Det smakte sprit og spytt og Fanta Exotic. Man gjekk kanskje inn på bensinstasjonen for å kjøpe ein brus. Dei som jobba der fulgte med på alt man gjorde. Stod med hånda klar på den raude knappen. Banka på døra om man var for lenge på toalettet. Dei var redde for ungdommar. Folk hang i store klynger, stasjonen var omringa. Eit kulturhus. Innimellom kom securitas, men dei var også redde. Det låg kontorutstyr i containeren bak stasjonen. Ungdommane drog ut skrivebord og tastatur. Dei satte seg på kontorstolar og hadde eit slags møte der, på parkeringsplassen. Trilla kvarandre over glasskår og tasturknappar.

Eg lærte å bomme ein sigarett. Man skal alltid bruke ordet *sigarett*, ikkje røyk. Då får du.

Kjærasten min gjekk ut av bilen for å kjøpe RedBull. Han lot døra stå open medan motoren gjekk. Eg såg den lange halsen med adamseplet sveve bak butikkhyllene. Nebbet på capsen fekk han til å ligne ein svane. Nøkkelen stod i tenninga, no pendla den i takt med musikken. Det var ein dogtag i sølv med navnet mitt på. Eg tenkte ofte på å ta den tilbake. Kvar gong han forlot bilen tenkte eg den tanken. Ofte satt eg slik og venta på han, utenfor blokker og kjellerleilighetar. I tomme parkeringshus om natta. Eg kjente bilen slik eit barn kjenner hus. Om eg lukka auga kunne eg likevel sjå det prikkete mønsteret i taket og detaljane i dashbordet. Det kvite lyset frå speedometeret var det siste eg tenkte på før eg sovna om kvelden. Om natta dura telefonen min, han sendte meg bilder frå det samme speedometeret, det viste 120, 130, 140. Han kjørte aldri så fort med meg i bilen, han var gentleman.